



Notat

Dato: 04.09.2018
Arkivsak: 2018/12198-4
Saksbehandlar: talhals

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Nasjonal ramme for vindkraft

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått i oppdrag frå Olje- og energidepartementet å identifisere dei mest egna lokalitetane for vindkraft på land. Arbeidet skal leverast innan 01.03.19 og blir gjennomført i samarbeid med andre etatar.

Dei skal velje ut områder med utgangspunkt i vindressursar og nettkapasitet, vekta mot viktige miljø- og samfunnsomsyn. Det er presentert 43 analyseområder basert på innleiande ekskluderingskriterier. Ein skal no gå vidare med å vurdere desse 43 områda meir i detalj, med målsetting om å ende opp med 15-20 område som skal vere dei mest egna lokalitetane for vindkraft på land i Noreg.

NVE har i brev 08.06.18 bede om fagleg informasjon til nasjonal ramme for vindkraft. Denne innspelsrunda skal først og fremst vere ei forsikring om at NVE fangar opp tilstrekkeleg informasjon for å gjennomføre arealanalysane av dei 43 delområda. Hordaland fylkeskommune vil sende eit innspel innan fristen basert på regionale sektormynde og regionale planar.

Etter at forslaget til nasjonal ramme er overlevert OED 01.03.19 vil departementet sende det på høyring. Det vil då vere mogleg å gi politiske innspel og generelle synspunkt. Den nasjonale ramma vil då leggest fram til politisk handsaming i relevante utval for å utarbeide fråsegn frå Hordaland fylkeskommune.